



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Retningslinjer for inkassoverksemder for å oppsøkje skyldnarar

RUNDSKRIV:

19/2010

DATO:

08.12.2010

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Framandinkassoføretak

Filialar av utanlandske

framandinkassoføretak

Oppkjøps-/eigeninkassoføretak

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Finanstilsynet vil i tilsynsverksemda si leggje til grunn at det følgjer av god inkassoskikk at inkassator som fysisk oppsøker ein skyldnar må:

- varsle skyldnar skriftleg på førehand om besøk kan bli aktuelt
- opptre med diskresjon og ikkje utsetje skyldnar for urimeleg skade, påtrykk eller ulempe
- besøkje skyldnar på arbeidsdagar, det vil seie mandag til fredag mellom kl. 08.00 og 21.00 og laurdag mellom kl. 09.00 og 15.00
- overhalde taushetsplikta i inkassoloven § 28. Dette inneber til dømes at personen som besøker skyldnar ikkje kan gi til kjenne overfor familien til skyldnaren, arbeidsgivaren, naboar etc. at han eller ho representerer ein inkassator, og heller ikkje kan leggje igjen visittkort med inkassatoren sin logo på døra til skyldnaren eller i postkassa.

Kostnader ved oppsøkjande verksemd

Kostnader som påløper ved dette inkassotiltaket blir omfatta av maksimalsatsane i inkassoforskrifta §§ 2-2 og 2-3. Desse er som hovudregel ikkje omfatta av unntaket i inkassoforskrifta § 2-5.

Ansvar til faktisk leiar når skyldnar blir oppsøkt

- Den/dei faktiske leiaren/leiarane til inkassatoren har det overordna ansvaret for at besøket skjer i samsvar med inkassolovgivinga, herunder god inkassoskikk.
- Faktiske leiar(ar) har ansvaret for å følgje opp både tilsette og innleigde personar som utfører besøk.

Eirik Bunæs

Wilhelm Mohn Grøstad

Kontaktpersonar:

Rådgivar Marit Skjevling, tlf. 22 93 97 27, e-post: marit.skjevling@finanstilsynet.no

Rådgivar Linda Marie Vestheim-Vigeland, tlf. 22 93 97 32,

e-post: linda.marie.vestheim-vigeland@finanstilsynet.no

